

NR. 5

OKTOBER 2004

37.ÅRG.

## Glimt frå Eritrea

Sjå side 7-9



Arnadamer har vore på tur til Eritrea.  
Desse kvinnene møtte dei på ein arbeidsplass for HIV og AIDS-ramma

## Andakten

23 Då var det ein som spurde: «Herre, er det få som vert frelseste?» Han sa til dei:

24 Strid alt de kan for å koma inn gjennom den trange døra! Mange, seier eg dykk, skal freista å koma inn, men ikkje greia det.

25 Når husbonden først har reist seg og stengt døra, og de står utanfor og bankar på og seier: «Herre, lat opp for oss!» då skal han svara: «Eg veit ikkje kvar de er ifrå.»

26 Då kjem de til å seia: «Vi har ete og drukke i lag med deg, og du lærte på gatene våre.»



**D**et er når jeg leser slike tekster jeg blir usikker i min tro. Jeg liker å lese om en nådig og kjærlig Gud, men så leser jeg altså dette. Hvor er det jeg passer inn? Er jeg, siden jeg jobber i kirken, blant de første? Vil jeg da bli av de siste? Er det slik at den nådige Gud jeg tror på ikke kommer til å slippe meg inn i sitt rike?

Vi snakker om frelsesvissitet. Jeg må innrømme at det er noe jeg selv har hatt ytterst sjeldent, selv om jeg kaller meg kristen og jobber i kirken. Hvordan kan man ha frelsesvissitet når vi kan lese dette i bibelen? Ingen er vel trygge? En må bare stå fast i tro og be. Det er det eneste jeg tror fungerer. Det er viktig med fellesskap og bønn, også kommer kanskje vissheten etter hvert. Jeg ønsker i hvert fall at så mange som mulig skal få lov til å komme gjennom den trange døra. Selv om døra er trang er rommet innenfor muligens stort. Og det tror jeg nok. Det rommet innenfor den trange døren er så stort som vi ikke kan tenke oss. Det er plass til mange rundt Herrens bord!

Mia Krüger, kateket i Arna.

27 Men han skal svara: «Eg veit ikkje kvar de er ifrå. Gå bort frå meg, alle de som gjer urett!»

28 Og de skal gråta og skjera tener når de får sjå Abraham og Isak og Jakob og alle profetane i Guds rike, men de sjølve er kasta utanfor.

29 Og det skal koma folk frå aust og frå vest, frå nord og frå sør og sitja til bords i Guds rike.

30 Og sjå, nokre av dei siste skal verta dei første, og nokre av dei første skal verta dei siste.



Frå konsert i Helgheim kyrkje i Jølster

## Kammerkoret på konsertturne

**A**rna kyrkjes kammerkor, under ledelse av Trine Daviknes, og forsterket med Tove Kragset på piano/orgel, kvederen Eirin Røykenes fra Os i Hordaland og Gro Marie Svidal på fele, dro i september med sin sang- og musikkglede på konsertturne.

Konsertene ble holdt i Nore Neset kyrkje på Os torsdag 23. september, i Helgheim kyrkje i Jølster i Sunnfjord fredag 24. september og i Eid kyrkje i Nordfjordeid lørdag 25. september. Religiøse folketoner og tradisjonelle bedehussanger stod på programmet.

- Vårt ønske var at konsertene vil gi en musikalisk opplevelse og skape glede hos tilhørerne, sier Ove Skjoldal, leder i Kammerkoret. Han og resten av koret er godt fornøyd med kourtneen.

- Turen førte til at samholdet i koret er blitt utviklet. Vi er også godt fornøyd med de opptredene-nene vi hadde.

Kammerkoret er nå i ferd med å bli komplett. Men vi har ennå plass til to-tre tenorer, sier han.

Kammerkoret skal nå utover høsten øve inn et spennende program for en julekonsert med til dels nytt materiale. 'Se solens skjønne lys og prakt' var tittelen på de tre kirkekonsertene.

Programmet var satt sammen av folkesmusikk som spenner fra rolige salmer med folketoner til rytmisk folkemusikk.

Arna kyrkjes kammerkor ble stiftet høsten 2002.

Koret har holdt flere konserter og har fått gode kritikker for disse.

Magi i Arna kyrkje, var tittelen på en konsertanmeldelse i avisas Bygdnytt.

- Vi sat att med ei kjensle av at vi hadde vore med på noko magisk denne kvelden, og tryllekunstnaren var Trine Daviknes, som fekk det til denne gongen også, skrev anmelderen blant annet.

Audun Stølås



Soknerådsleiar Jan Skorpen les tenestebrevet frå biskopen

## Arne Mulen – ny kapellan i Ytre Arna.

Endeleg – søndag den 5. september vart Arne Mulen innsett som ny kapellan i Ytre Arna. Dette var ein gledesdag, fordi Ytre Arna har måtte klart seg med vikarar, heilt sidan Trygve Johansen slutta i september 2003. Det er alltid stas å få ny prest, men ekstra stas no, ettersom det i den siste tida er mange av dei tilsette som har slutta.



Kvartetten

Kyrkja var heilt full, og det vart riktig ei festgusteneste, med mange innslag. Jan Skorpen - leiaren i soknerådet - leste tenestebrevet frå biskopen, og presten i Salhus, Arvid Fosse, kom med helsing frå prost Magne Utle.

Etter gudstenesta var det fest i kyrkjelydshuset. Og var det trøngt om plassen i kyrkja, var det ikkje betre der. Her fekk vi først sløkt kaffitorsten, før vi fekk helsa på heile familien Mulen. Både Arne og Ingfrid fortalte litt om tida og opplevingar frå Paris.

Seinare vart det både fleire helsingar og glad sang frå ein heller nystifta kvartett. Så gjekk vi heim, svært nøgde med ny-presten!

T.O.H



50-årskonfirmantene i Ytre Arna 3. oktober 2004

Navn frå venstre: Rekke 4 : Erik Nævdal, Bjarne Loftås, Britt (Boge) Haugland, Leif B. Grinde, Jan Martin Gaupås, Kurt Grinde.

Rekke 3 : Norvald Nordvik, Jan Per Mjelde, Marita (Askvik) Landsvik, Erna (Fotland) Eriksen.

Rekke 2: Reidun (Aasland) Pollestad, Jorunn Vevle Haugsvær

Rekke 1 : Rigmor (Stamneshagen) Igduen, Prest: Arne Mulen, Aase Rigmor (Askeland) Krogsrud

## 50-års konfirmantar i Ytre Arna og Arna

Søndag 3. oktober var det samling for 50-års konfirmantane både i Ytre Arna og Arna kyrkjer.

Dei var først med på gudstenesta, før dei

gjekk bort i kyrkjelydshuset. Her fekk dei middag, og dei kunne utveksla mange gode minne frå tida då dei "gjekk for presten" - for 50 år sidan.



50-årskonfirmantene i Arna 3. oktober 2004



Nytt om søndagsskulen i Ytre Arna:

## Har du møtt Kanille og Joffen?

Søndag den 17. oktober vart vi kjende med Kanille og Joffen. Midt i gudstesta dukka dei plutsleg opp framme i kyrkja. Dei skulle på søndagsskulen, og dei ville gjerne ha med seg alle borna i kyrkja ned i bedehuset på søndagsskule. Framover vil vi treffen Kanille og Joffen ganske ofte i kyrkja. Men dei er flinke til å gøyne seg. Det blir spanande å sjå kor dei dukkar opp neste gong. Men når dei dukkar fram, då betyr det at det skal vere søndagskule. Då kan alle borna kan få gå ut av kyrkja og vere med Kanille og Joffen ned på bedehuset.

I neste spalte ser du programmet for søndagsskulen fram til jul. Nokre gongar skal vi starte i kyrkja, og nokre gongar startar vi

med ein gong i bedehuset. Etter jul vil søndagsskulen starte nesten kvar gong i kyrkja. Og veit du kva som er så fint med dette? Jau, no kan vi små ha det kjekt på søndagsskulen, medan mamma og pappa, viss dei vil, kan få vere med på heile gudstenesta i kyrkja utan å mase på oss små at vi skal sitte stille og oppføre oss fint.

Du blir vel med?

Helsing søndagsskulegjengen

17. oktober	Søndagsskulen startar i kyrkja
7. november	Søndagsskulen startar i kyrkja
21. november	Søndagsskulen startar i bedehuset
28. november 5. desember	Familiegudsteneste Søndagsskulen startar i bedehuset
28. desember	Julefest klokka 18 i bedehuset

PS! Det er framleis høve til berre å skysse borna til søndagsskulen. Borna møter klokka 11 i kyrkja eller bedehuset (sjå planen over), og vi er ferdige om lag klokka 12.15.

## Har du lyst å være med å synge i barnekor?

Barnegospel er et nytt barnekor i Ytre Arna kirke, som skal starte opp i oktober. Går du i 1-4 klasse, hadde det vært gøy om du ville være med å syng! Vi skal ha øvinger i kirken annenhver torsdag fra kl. 17.00 - 18.00 (samme torsdag som det er Ving.) Første øving blir torsdag 28. oktober.

Lurer du på noe er det bare å ta kontakt på tlf. 98663968

Med vennlig hilsen

Rannveig Aasgard,

barne og ungdomsarbeider i Arna menighet

JKJ

## 5 livsnære grupper i gong

Fra i vår har vi skrive og snakka ein heil del om «livsnære grupper», altså små grupper som samlast i private heimar, der deltakarane deler livet med kvarandre med Bibelen på bordet. 5 grupper starta opp i haust. Ei av dei er ei ungdomsgruppe. Gruppene tar utgangspunkt i teksten for sundagen som var, og stiller spørsmålet: Kva seier denne teksten inn i mitt liv og min kvardag? Etter kvart vil gruppene òg få oppgåver i tilknytning til gudstenesta; m.a. å servera til ein enkel kaffikopp ved utgangsdøra.

Alle gruppene har «ein ledig stol», og nye kan bli med. Ta kontakt med kyrkjekontoret eller med ein som er med i ei gruppe.

men i bedehuset. Etter jul vil søndagsskulen starte nesten kvar gong i kyrkja. Og veit du kva som er så fint med dette? Jau, no kan vi små ha det kjekt på søndagsskulen, medan mamma og pappa, viss dei vil, kan få vere med på heile gudstenesta i kyrkja utan å mase på oss små at vi skal sitte stille og oppføre oss fint.

Du blir vel med?

Helsing søndagsskulegjengen

## GLIMT FRÅ ERITREA

Mona og eg var så heldige å få vera med Berte Marie Ulveseter til Eritrea. Der fekk vi ti innhaldsrike dager.

Vi hadde dagsturer til landsbyane Demas, Sheba, Gaeb Village og Bossa Village. Vi besøkte Massawa og Keren.

Særleg interessant var det å sjå resultata til nokre av hjelpprogramma som Kirkens Nödhjelp har i Eritrea.

Demas var vi venta. Dei viste oss stolt ein 1,4 km lang mur som skulle leia vatnet ute over markene. Etterpå viste dei oss ein åker der dette allereie var prøvd. Ein maisåker som strekte seg så langt ein kunne sjå. Her har Kirkens Nödhjelp støtta økonomisk,

men befolkningen har utført arbeidet. **Her såg vi verkeleg at det nyttar. Så lite, gav så mykje.**

Vi fekk servert nasjonalretten (syna lefsa med div. tilbehør).

I Sheba var vi og venta. Her viste dei oss eit solcellepanel som gav elektrisitet til eit pumpesystem som pumpa vatnet frå boreholet og inn til landsbyen. Befolkningen får reint vatn. Det frigir tid til kvinner for anna arbeid, og barna kan gå på skule.

Då vi skulle reisa, kom dei med ei geit som dei ville tilbereda til ære for oss. Her opplevde vi tydeleg skilnaden på tidsperspektivet dei har og vi har. Då vi ikkje tok oss tid, måtte vi ta geita med oss levande på taket til bilen.

**Forts. neste side**



## Det er godt å kjenne seg velkommen!

Skrivande stund har eg vore kapellan i Arna i godt og vel ein månad, og no er det ein ting som ligg meg på hjarta: Eg vil gjerne få takke for den varme velkomsten! Eg går med ei kjensle av at Gud har vore god i mot oss i det vi fekk komme til Ytre Arna.


For det første var det ei flott oppleveling for meg og familien søndag den 5. september då eg vart innsatt som kapellan i Arna. Takk for mange gode ord og helsingar både i gudstenesta og på kyrkekaffien. Og søndagen etterpå var det "ny runde" under kyrkjekaffien etter gudstenesta i Arnakyrkja.

I dei samanhengane eg har vore med til no, anten det gjeld sokneråd, ungdomskor, søndagsskule eller konfirmantar-


beid, møter eg hyggelege og motiverte menneske som det er triveleg å arbeide i lag med. Triveleg har vi det òg på kyrkjekontoret i Arna. Kjekt er det også med alle som kjem innom på kontoret i store eller små ærend. De treng ikkje vere redde for å komme innom og "forstyrre" oss litt.

Det slår meg at her i Arna er det mange som ber, og ikkje minst er det mange som kjem saman for å, også på tvers av kyrkjessamfunna. Det gleder meg, for eg trur det ligg ei veldig velsigning i dette at kristne fra ulike arbeidslag kjem saman for å be med og for kvarandre. Mi bøn og mitt ynskje er at vi skal sjå Guds rike ha framgang, og eg veit no at i åra som kjem vil eg få høve til å arbeide saman med mange som deler denne visjonen. Det ser eg fram til.

Arne Mulen



Den 14 km lange muren som leier vatnet utover markene



Vass-stasjon i Sheba der vasspumpene er drevne av eit solcellepanel



Åker der leiing av vatnet allereide er prøvd.

Den 27 sept. var vi med på den Ortodokse kyrkja si feiring av korsets dag (Meskel).

Her virka det som at alle tok del. Her er det ikkje snakk om tru eller ikkje tru. Her er det berre snakk om kva kyrkjesamfunn ein høyrer til.

### Camboni Sisters – Katolsk kloster.

Her fekk vi ei grundig omvising. Dei dreiv undervising, skule, barnehage og har sysselsatt 25 vanskelegstilte innen. Nonnene vi møtte hadde ei glede og eit engasjement i sitt arbeid som viste tydeleg på dei. Det var fint å sjå.

Eritrea har hatt krig med Etiopia i 30 år. Mange samfunnsfunksjoner ligg nede. Eritrea treng støtte på mange plan. Kirkens Nødhjelp har hatt arbeid i Eritrea i mange år, og har ein solid posisjon. Dette er eit arbeid som må halda fram. Takk til Berte Marie for at vi fekk oppleva desse ti dagane.

**Benthe Vevle Birkeland.**

Vitjing hjå  
Camboni Sisters



# Helgemessesøndag: Ein dag for sorg og glede

Søndag den 7. november er det helgemessesøndag, eller allehelgensdag som mange er vane med å seie. Fleire og fleire brukar denne dagen til å minnast på ein spesiell måte sine kjære som ikkje lenger er i blant oss. Til gudstenestene i Arna prestegjeld sender vi ut invitasjon til dei pårørande å dei som har vorte gravlagde i Arna sidan sist helgemessesøndag.

Under gudstenesta vil vi særskilt minnast dei som har døydd dette siste året.

Om du skulle vere ein av dei som har mistein av dine dette året, og du likevel ikkje har fått invitasjon, så er du sjølv sagt likevel hjarteleg velkommen. Denne gudstenesta er for alle som vil minnast sine kjære, anten vi miste dei for kort eller lang tid sidan. Mange nyttar også høvet til å kombinere kyrkjegang med ein tur på grava til sine nærmaste. Slik vil mange forbinde denne dagen med sorg og sakn.

Men dette skal også vere ein gledesdag og ein häpsdag. Meir enn alle dødes dag, er det allehelgensdag. Vi minnest dei som har fullført laupet og kjempa den gode striden,

og som har gått i førevegen for oss, og som vi trur er heime hos Jesus. Det er i glede og forventning at vi tenkjer slik, for det handlar om det målet vi òg håpar å nå. Songane vi skal syngje handlar mest om gleda og håpet, vi skal øve oss på å syngje med i den himmelske lovsongen.

Helgemessesøndag feirar vi nattverd. Då er det meiningsfullt å tenke på alterringen framfor alteret som er ein halv sirkel. Den andre halvparten av alterringen er for dei som er "på den andre sida". Vi er i den kyrkja som samlast på jorda, dei som døydde i trua på Jesus er i kyrkja som samlast i himmelen. "Di kyrkle i himmelen og på jorda prisar namnet ditt med samrøysta lovsong" høyrer vi i nattverdsliturgien. På helgemessesøndag vert desse orda spesielt meiningsfulle.

AM

Gudstenester den 7. november:  
Arna kyrkje kl. 11  
Ytre Arna kl. 11  
Takvam kapell kl. 16

## No døyper vi fyrst!

Ikkje så å forstå at ingenting er som før: I luthersk samanheng har alltid barnedåpen spela ei sentral rolle, og i riktig gamle kyrkjer (og i ei og anna av dei heilt nye) står døyefonten ved inngangsdøra, nettopp for å fortelja: Vi døyper fyrst; dåpen er inngangsdøra til livet med Gud.

Det nye er at no døyper vi også fyrst i gudstenesta! Frå 10. oktober finn dåpen stadlike etter lovsongen («Ære vere Gud i det høgste») - 5 minut ut i gudstenesta. Det vil i praksis seia at dåpsfylget kjem inn hovudinngangen i prosesjon i det gudstenesta tar til, like etter at klokkene har sluttat

å ringja. Born som er med i gudstenesta, kan få vera med i prosesjonen - bak dåpsfylget.

Dette inneber at det meste av gudstenesta finn stad etter dåpen. Dersom eit dåpsbarn vert uroleg i løpet av gudstenesta, er det heilt i orden at ein går ut i sakristiet med det - og gjerne kjem inn i kyrkja att, når barnet har roa seg. Dersom det også er nattverd (noko det vanlegvis ikkje er når det er dåp) - vert ikkje gudstenesta så «bakting» når dåpen er fyrst.

Velkomne til dåp!

JKJ

# Julemesse/julesalg i Åsane kirke lørdag 13. november 2004

Tradisjonen tro holder **Sjømannskirken – norsk kirke i utlandet** sin årlige julemesse/julesalg i Torgstuen, Åsane kirke.

Salget åpner kl 10.00 og avsluttes kl 16.00 med trekning av hovedlotteriet.

Varer fra mange land legges ut for salg, så vel som mye lokalt håndarbeid.

Tombola, loddsgalg og åresalg hører selvagt og med.

A kl 12.00 servers rømmegrøt og spekemat, mens kaffe og kaker blir å få kjøpt hele dagen.

Vi ønsker alle hjertelig velkommen til en spennende dag i Åsane kirke.

**SØNDAG 14. NOVEMBER** er det duket for utdeling av 4 års bok til alle fireåringar her i Arna kyrkje. Det er 2 gudstjenester denne dagen. En klokka 10.00 og en klokka 12.00 med kyrkjekaffi på kyrkjelydshuset innimellom. Så enten er det kaffi før eller etter gudstjenesten, det kommer an på når dere skal få utdelt bøkene.

Mer info kommer til dere med fireåringar. Men ville bare minne alle sammen på denne dagen. Vi ser frem til å møte alle sammen. I ettertid vil vi møtes noen ganger i kyrkjelydshuset, dette får dere også nærmere beskjeder om. Vel møtt!

Kateket Mia Krüger

## Kirkens SOS trenger flere medarbeidere!

Vi trenger flere frivillige medarbeidere, og starter derfor nytt kurs i samtaleferdigheter og krisehåndtering i september. Kurset går på mandagskvelder med kursstart 20. september 2004. Medarbeiderne har vakt ca. hver 12. dag, og får støtte og veiledning så lenge de er med i tjenesten.

For å bli med må du være over 20 år. Oppgaven er å lytte til innringer, og tåle å møte et annet menneskes smerte og sorg. Medarbeidere skal ikke finne løsninger eller "gode råd".

Velkommen til et godt fellesskap og en viktig og meningsfull tjeneste!

Ring oss på tlf. 55 32 58 45 på dagtid eller 480 35 841 kveld og helg.

Du finner mer informasjon på [www.kirkens-sos.no](http://www.kirkens-sos.no)

# KYRKJESKYSS



## ARNATVEIT/INDRE ARNA / YTRE-ARNA-VEGEN

31.10.04	Odd Kjos	55 24 17 82
07.11.04	Erling Osland	55 24 09 34
21.11.04	Jostein Monstad	55 24 32 20
28.11.04	Odd Kjos	55 24 17 82
05.12.04	Erling Osland	55 24 09 34
12.12.04	Jostein Monstad	55 24 32 20

## HAUKELAND

31.10.04	Olaug Lyhammar	55 24 00 21
07.11.04	Magne Mjelde	55 24 18 80
21.11.04	Sverre Myklebust	55 24 29 05
28.11.04	Ingrid Hope	55 95 01 11
05.12.04	Gerd Borge	55 24 17 44
12.12.04	Olaug Lyhammar	55 24 00 21

## TUNES / GARNES

31.10.04	Ragnar Aabrek	55 24 25 27
07.11.04	Leidulf Almenning	55 24 25 52
21.11.04	Kari Claussen	55 24 12 20
28.11.04	Malvin Klementsen	55 24 29 56
05.12.04	Ragnar Aabrek	55 24 25 27
12.12.04	Leidulf Almenning	55 24 25 52

## Hugs!

Orgelmeditasjon i Arna kyrkje  
torsdagar kl 14.00



# NYTT FRÅ KYRKJELYDANE



## Døypte

### Arna:

01.08.: Trym Emre Horvei  
 22.08.: Hedda Greve.  
 Maia Cristina Øyjordsbakken  
 Criales.  
 Stina Bjørvik Landro.  
 Sivert Aarekol Fjæra.  
 Juliana Vikne.  
 Emma Hasund-Vareberg.  
 12.09.: Teodor Aleksander Haugsvær-  
 Titlestad.  
 Marie Haga Trettenes.  
 Vårin Baartvedt Ringheim.  
 Emil Skistad Solberg.  
 Thomas Eide Bjørndal.  
 Signe-Marie Torvund.  
 Anders Mjelde.  
 Helene Nesbø Haugland.  
 Anne-Sofie Skulstad.  
 26.09.: Alexander Gjerstad-Bjørkmann.  
 Sander Søgne sand.  
 10.10.: Fredrik Lexau Rygg.  
 Markus Lekven Stokke.  
 Julian Nikolai Johansen  
 Konglevoll.  
 Charlotte Herfindal Thunes.

### Ytre Arna:

06.09.: Maria Nordanger Mæstad  
 27.09.: Oline Bognøy.

## † Døde

### Arna, gravlagde:

25.05.: Terje Takvam  
 12.08.: Osvald Harkestad  
 09.09.: Gerda Helene Haugland  
 10.09.: Eva Hauge.  
 Ole Skjøndal.  
 Klara Marie Stephansen.  
 06.10.: Ingeborg Bjørsvik.

### Ytre Arna, gravlagde:

27.08.: Reidar Lind Solberg.  
 28.09.: Klara Elisa Hana.



## Vigde

### Arna:

28.08.: Dorthe Gill Brudvik og Espen  
 Strømme.  
 04.09.: Anette Vangsnes Lilleskare og  
 Ronny Lilleskare.  
 25.09.: Irene Kandal og Frode Tufteland.

### Ytre Arna:

11.09.: Ann-Kristin Bjørnestad og Rune  
 Soltvedt.

## KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

**Utgjevar:** Sokneråda i Arna, Postboks 64, Indre Arna, 5888 BERGEN

**Redaktøransvar dette nummer:** Tove Margrete Nordmark.

**Redaksjonsnemnd:** Asbjørn Åsgard, Tor O. Holmefjord og Morten Pedersen.

**Bladpengar:** Kr. 75,-. Adr.: Kyrkjelydsblad for Arna, 5260 Indre Arna.

Postgironr.: 7877 06 96991.

Trykt i Grafisk Forum A/S, Kokstadflaten 40, Boks 46 Kokstad, 5863 Bergen

## Ofringer

### Arna

04.07. Israelsmisjonen	Kr 4544,50
11.07. Kyrkjelydsarbeidet	Kr 2384,50
25.07. Bildøy Bibelskole	Kr 2953,00
01.08. Dåpsopplæringen	Kr 3813,00
15.08. Sandomstiftelsen	Kr 3957,00
22.08. Kyrkjelydsarbeidet	Kr 4725,00
29.08. Ungdomsarb i kyrkja	Kr 4943,00
12.09. Kvite bånd	Kr 5999,00
19.09. Kyrkjelydsarbeidet	Kr 3828,50
26.09. NLA	Kr 3505,50
03.10. Dåpsopplæringen	Kr 5702,00
3.10. Kirkens SOS	Kr 3852,50

### Ytre Arna

17.05. Kirkens SOS	Kr 1263,-
23.05. Kyrkjelydshuset	Kr 1103,50
30.05. Nordh. Indremisjon	Kr 1728,-
06.06. KRIK	Kr 3196,-
27.06. Kyrkjelydsarbeidet	Kr 1585,-
18.07. Kyrkjelydshuset	Kr 973,50
08.08. Noreia mediamisjon	Kr 635,-
29.08. Kyrkjelydsarbeidet	Kr 2862,-
05.09. Orgelfond	Kr 5300,-
26.09. Bg. Søndagsskolekrets	Kr 2772,50
03.10. Kyrkjelydsarbeidet	Kr 1972,50
17.10. Normisjon	Kr 2473,50

## Saknar du ein sykkel?

Det har stått ein sykkel utanfor  
 kyrkjelydshuset i Arna sidan i vår.  
 Saknar du ein middels stor jentesykkel,  
 ta kontakt med kyrkjekontoret  
 tlf 55 36 22 70

## Stoff til kyrkjelydsbladet

Neste nummer av bladet kjem 8. desember  
 Frist for innlevering av stoff 23. november

## ARNA PRESTEGJELD

**Arna Kyrkjekontor, Postboks 64 Indre Arna, 5888 Bergen.** E-mail: [arna.menighet@bfk.no](mailto:arna.menighet@bfk.no)

Tlf. 55 36 22 70. Fax. 55 36 22 79. Kontoradresse: Lakslia 21, Kyrkjelydshuset, Indre Arna.

**Kontortid:** Mandag - fredag kl. 09.00-14.00.

**Soknerådsleiar Ytre Arna:** Jan Skorpen, tlf. 55 24 89 72

**Soknerådsleiar Arna:** Trond Kleiveland, tlf. 55 53 15 93

**Kyrkjegardane i Arna:** Tlf. 55 24 06 57. Kontortid: Månd.-fred. kl. 10.00-12.00.

## Dei tilsette i kyrkjelydane

**Sokneprest Jan Kåre Jakobsen**

Ådnavei 15, 5260 Indre Arna

Tlf. 55 24 06 86

**Kapellan Arne Mulen**

Gamlevegen 8 - 5265 Ytre Arna

Tlf. 55 25 73 92

**Organist Arna**

Kantor Christopher David Briggs

Pb 161 Indre Arna

5888 Bergen

Tlf. 55 24 40 55

**Dagleg leiar**

Tove Margrete Nordmark

Boge, 5725 Vaksdal

Tlf. 56 59 72 01

**Kateket Erik Rodal**

Stuajordet 31, 5262 Arnatveit

Tlf. 55 24 00 41

**Kateket Mia Krüger**

Neset 49, 5267 Espeland

Tlf. 98 81 08 75

**Sekretær Benthe Vevle Birkeland**

Sørfjordveien 11c, 5265 Ytre Arna

Tlf. 55 24 73 92

**Kyrkjetenar**

Elisabeth Stenersby

Tlf. 99 73 55 77

**Eittåring Ytre Arna**

Rannveig Aasgard

Tlf. 998 66 39 68

**VOKT-arbeiar**

Jarle Myksvoll

97 77 61 10

**Ungdomsarbeidar Arna Margreta Straume**

Tlf. 99 03 66 84

# ARNA GRAVFERDSBYRÅ AS

Kåre Bj. Hopes eftf.

Døgnvakt tlf. 55 24 08 08

Står til teneste med alt ved dødsfall  
i Arna, Osterøy og omegn.



## SAMDALS

BYRÅ  
JONSVOLLSGATEN 1

## 55 90 19 80 hele døgnet

Kommer også hjem for samtale.

J. Teigland – M. Hamre

as Sarepta Blomster

Tlf. 55 24 25 95 ØYRANE TORG 5260 INdre Arna

Vi utfører alle oppdrag innen  
blomsterdekoratørfaget

## Solstrands BEGRAVELSESBYRÅ

HERMAN FOSSGT. 11, 5007 BERGEN

Våre representanter i Arna  
Helge Spilde tlf.: 55 24 38 92 og  
Willy Soltvedt tlf.: 55 24 76 23



DØGNVAKT  
55 32 55 50

Vi kommer hjem for samtale og gir gjerne forhåndspris

## FØRERKORT KL. B

- Fornøyde kunder
- Trygge sjåfører



Tlf. 55 27 15 12/92 26 66 33



VAKSDAL BLOMSTER  
OG  
BEGRAVELSESBYRÅ AS

Vi ordnar alt vedrørende dødsfall.  
Kransar, oppsatser og bårebukettar fritt  
levert til  
Gravferda. Vi leverer og gravmonument.  
Tlf. 56597470- mob.91179766  
Einar Mjelde  
Tlf. privat 56597443



Frøydis  
SALONGEN

Garnesv. 108, 5234 Garnes  
Tlf.: 55 39 01 40  
Stedet for moderne og  
fagmessig hårdesign  
Dame • Herre • Brudepynting



Fagkunnskap gir  
trygghet  
10 % for pensjonister alle dager.

Din lokale  
storbanks  
i Arna!

Nordea

Filial Arna – tlf. 55 24 92 00

Kranser, buketter,  
oppusatser

TLF. 55 24 08 09

Espeland Gartneri

Arthur Hope

Unnlandsvegen 540, 5260 Indre Arna

## I MIN FORRETNING

finn De gåver til bryllup,  
konfirmasjon og barnedåp.

Kleiveland A.S  
Ur og Gullsmed

5260 Indre Arna – Telefon 55 24 04 96

## Solberg Elektro

AUT. ELEKTROINSTALLATØR

Vi utfører elektroinstallasjon i bolig,  
industri og service.  
Gratis befaring, god service

Telefon: 41809620

# ***Velkommen til kyrkje***

**Søndag 31.10.2004**

**BOTS- OG BEDEDAG  
ARNA KYRKJE. kl. 11:00**

Arne Mulen  
Takkoffer til Arna  
kyrkjelyd/kyrkjelydsarbeid.

**YTRE ARNA KYRKJE. kl. 11:00**

Takkoffer til Norsk Lærerakademi.  
Repr fra NLA: Arve Brunvoll.

**Søndag 07.11.2004**

**HELGEMESSE**

**ARNA KYRKJE. kl. 11:00**

Jan Kåre Jakobsen Nattverd  
Takkoffer til Den Norske  
Tibetmisjon.  
Minnedag

**YTRE ARNA KYRKJE. kl. 11:00**

Arne Mulen Nattverd  
Takkoffer til Diakoniarbeidet.  
Minnedag

**TAKVAM KAPELL. kl. 16:00**

Arne Mulen  
Minnedag

**Søndag 14.11.2004**

**24. SØNDAG ETTER PINSE**

**ARNA KYRKJE. kl. 10 og 12**

Jan Kåre Jakobsen  
Takkoffer til Arna kyrkjelyd/dåps-  
opplæring.  
Familiegudstreneste.  
4-årsboki. Kl 12:00

**Søndag 21.11.2004**

**SISTE SØNDAG I KIRKEÅRET**

**ARNA KYRKJE. kl. 11:00**

Arne Mulen Dåp og nattverd  
Takkoffer til Norges Kristelige  
Stud.-og Skoleungd.lag.

**TRENGEREID KAPELL. kl. 11:00**

Jan Kåre Jakobsen

**Søndag 28.11.2004**

**1. SØNDAG I ADVENT**

**ARNA KYRKJE. kl. 11:00**

Jan Kåre Jakobsen Dåp Takkoffer  
til Arna kyrkjelyd/kyrkjelydsarbeid.  
Gudsteneste for 2-klasse

**YTRE ARNA KYRKJE. kl. 11:00**

Arne Mulen Takkoffer til Institutt  
for Kristen Oppsæding.  
Gudsteneste for 1 og 2 klasse

**ARNA KYRKJE. kl. 19:00**

Jan Kåre Jakobsen Takkoffer til  
Arna kyrkjelyd/ungdomsarbeid..  
Lysmesse. Kammerkoret

**Søndag 05.12.2004**

**2. SØNDAG I ADVENT**

**ARNA KYRKJE. kl. 11:00**

Audun Magne Stålås Nattverd  
Takkoffer til Ungdom i oppdrag.

**YTRE ARNA KYRKJE. kl. 17:00**

Arne Mulen Takkoffer til  
Dåpsopplæringsarbeidet.  
Ung messe